## Likevel brukbart med fisk i elva

23.07.2010

**Sjølv om det har vore langt mellom fangstmeldingane frå elva sidan fiskestarten 1. juli tyder mykje på at det har vore eit brukbart fiske der dei siste 3 vekene..**

**Det er konklusjonen til oppsynsmann Arne Terje Haugland etter at han har skaffa seg betre oversikt over fangstane.**

Ikkje minst gledelege er meldingar frå fiskarane om at det er fleire år sidan  det har vore så godt' aurefiske som denne sommaren.

- Kva med lakselusa?

- Det er diverre teke fisk med mykje lus, medan det på andre fiskar ikkje har vore lus i det heiletatt.

- Og kva med størrelsen på fisken?'

- Den har eg førebels ingen oversikt over, her får vi avventa rapportane etter sesongen.

Av Ola Matti Mathisen